



PLAN FOR FRIVILLIG ARBEID 2018-2022

Innhald

BAKGRUNN	2
SENTRALE FØRINGAR.....	2
KOMMUNEROLLA I ENDRING	3
LOKALE FØRINGAR.....	2
OM PLANEN	3
FRIVILLIG ARBEID OG FRIVILLIG SEKTOR.....	4
FRIVILLIGE ORGANISASJONAR OG LAG I HÅ.....	4
KVIFOR ER DEN FRIVILLIGE INNSATSEN VIKTIG?	5
FRIVILLIG INNSATS OG HÅ KOMMUNE I DAG	6
FRIVILLIGSENTRALEN	6
TENESTEOMRÅDET OPPLÆRING OG KULTUR.....	6
TENESTEOMRÅDET HELSE OG OMSORG	6
TEKNISKE SAKER OG NÆRING	6
ØKONOMI.....	7
INNSPEL FRÅ LAG OG ORGANISASJONAR	7
HANDLINGSPLAN.....	9
MÅL OG TILTAK	9
MÅL 1 - TA VARE PÅ, STYRKA OG ANERKJENNA DET FRIVILLIGE ARBEIDET.....	9
MÅL 2 - GJERA LOKALE OG UTSTYR TILGJENGELIG FOR DEI FRIVILLIGE.....	10
MÅL 3 - FORENKLA TILDELINGA AV ØKONOMISK STØNAD TIL FRIVILLIGE	10
MÅL 4 – UTVIKLA SAMARBEIDET MELLOM FRIVILLIGE OG KOMMUNALE TENESTAR	10
<i>Folkehelse.....</i>	<i>11</i>
<i>Omsorg.....</i>	<i>11</i>
<i>Integrering.....</i>	<i>12</i>
<i>Barn og unge</i>	<i>12</i>
MÅL 5 – SYSTEMATISERA KOMPETANSEDELING	13
REFERANSAR	14

Planen er vedtatt i K-sak 064/18 den 18.10.18.

Bakgrunn

Sentrale føringar

- Stortingsmelding nr. 39 Frivillighet for alle (2006 – 2007).
- Folkehelselova § 4 som seier at kommunen skal leggja til rette for samarbeid med frivillig sektor.
- «Sammen om det gode liv» - ein rettleiar for utvikling av lokal frivilligheitspolitikk frå KS.
- Kommunenes Sentralforbund (KS) og Frivillighet Norge: «Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor». Forna plattform vedtatt 16.08.17.

Lokale føringar

Mål frå kommuneplanen 2014 - 2028:

Å skape gode levevilkår og ei berekraftig utvikling.
Ei oppfyljing av dette målet vil ikkje vere mogleg utan ei sterkare satsing på det frivillige arbeidet. Spesielt innan helse og sosial ser ein at lovkrav og behov auke, utan at kommunens inntekt auke tilsvarande.

Kommunestyret vedtok i Ksak-51/16, Planstrategi 2016 – 2019 for Hå kommune, at det i inneverande periode bør utarbeidast ein plan for frivillig arbeid. Planen skal vera ein del av folkehelseplanen og omfatta fleire av kommunen sine tenestoområde.


Mål for det frivillige arbeidet:

Hå kommune vil vi utvikle det frivillige arbeidet
i heile kommunen frå nord til sør.

Kommunerolla i endring

Som illustrasjonen under syner er kommunerolla i endring.

I dag er kommunen på veg mot kommune 3.0. Kommunen og innbyggjarane har som felles mål å samskapa og ta avgjersler for kva som er best for lokalsamfunnet. Saman kan kommunen og innbyggjarane, eller grupper av innbyggjarar, få til meir enn om dei skapa kvar for seg. Desse tankane er grunnleggande for samarbeidet med frivillige og er eit viktig grunnlag for denne planen.



Om planen

Tema for planen er tilhøvet mellom kommunen og organisasjonar eller enkeltpersonar som gjer ulønna arbeid, humanitært og /eller samfunnsnyttig arbeid utan å ha profitt eller eigennytte som mål. Planen handlar ikkje om frivillige organisasjonar som utfører oppgåver på grunnlag av oppdrags- eller driftsavtalar med kommunen, til dømes private barnehagar.

Planen er basert på:

- Diskusjonar og opplysningar i arbeidsgruppa som har bestått av representantar frå tenestemråda helse og sosial og opplæring og kultur.
- Funn frå undersøkinga som Frivillighet Norge gjorde for Hå kommune hausten 2016, jf. KS-sak 5/17.
- Kartlegging av frivillig aktivitet i dei ulike avdelingane i helse og sosial og opplæring og kultur.
- Referansegruppa som var med i første møtet med Frivillighet Norge og andre møte med frivillige organisasjonar våren 2016.
- Tilbakemeldingar frå høyring i innbyggjarrådet, utval for opplæring og kultur og utval for helse- og sosialsaker.
- Møte med leiarane i Hå kommune, og annonsert møte for lag og foreiningar i kommunen våren 2018.

Planen vert evaluert og rullert ein gong i kvar valperiode

Frivillig arbeid og frivillig sektor

Frivillighet Norge definerer frivillig arbeid som

«...virksomhet, som for det vesentligste er basert på frivillige gaver/innsamlede midler og/eller frivillig tidsbruk, og som har et ikke-kommersielt formål».

For å verta rekna som frivillig må arbeidet vera ulønna. Frivillig arbeid er innsats eller aktivitet gjennom ein organisasjon, eller retta mot andre som ikkje høyrer til di eiga hushaldning. Innsatsen må vera utan betaling.

I helse- og sosialtenesta vert du rekna som frivillig om du tek på deg oppgåver som for eksempel turkamerat eller arrangere allsongkveldar. Er du pårørande til pasient/bebuar og gjer det same, vert du ikkje rekna som frivillig.

Frivillig sektor er ein uavhengig og sjølvstendig samfunnssektor som plasserer seg mellom næringslivet og offentleg sektor. Frivillig sektor består av eit mangfald av frivillige organisasjonar frå idrettslag, interesseorganisasjonar, livssynsorganisasjonar, venneforeiningar, korps, humanitære organisasjonar og andre.

Frivillige organisasjonar og lag i Hå

Frivillighet og frivillig arbeid har lange tradisjonar i Noreg og i Hå. Frå gammalt av tenkte nok ikkje folk at "nå skal eg ut å gjera litt frivillig arbeid". Nei, då handla det enkelt og greitt om å hjelpa kvarandre.

Me er så heldige at denne viljen til å hjelpa kvarandre og å gjera ting på dugnad fortsatt er levande og er ein viktig del av det som kjenneteiknar Håbuen. Dette er ein av dei tinga me er stolte av og ynskjer å visa i kommunen sin visjon "me løfter i lag"

Viljen til å hjelpa dei som treng det mest har alltid vore ein viktig motivasjon for mange som driv med frivillig arbeid. Dei fyrste organiserte foreiningane i Hå var knytt til misjonsarbeid, allereie i 1877 vart Auestad kvinneforeining stifta, og denne er framleis aktiv. På same tida vart det bygd bedehus som sjølvstendig innebar dugnad og frivillig arbeid. Dei fyrste bedehusa vart kalla forsamlingshus, og var naturlege samlingspunkt for alt som skjedde av både kommunale og frivillige møte og aktivitetar.

Andre viktige bevegelsar på slutten av 1800-tallet var Det norske Totalavholdsforbund og fråhaldslosjane til IOGT. Desse stod sterkt også i Hå, og var med på å danna grunnlaget for mykje av det frivillige arbeidet me har i dag.

Etter kvart begynte idrettsbevegelsen å vakna, men det var først etter 1918 at det frivillige arbeidet virkelig skaut fart. I 1918 vart lov om 8-timars dag innført, det gjorde at mange folk fekk ei fast arbeidstid og fritid. Og sjølv om dei fleste i Hå var gardbrukarar, vart også Håbuen påverka av dette. Frivillig arbeid i idrettslag, misjon, 4H og mange andre foreningar vart, og er framleis ein viktig del av kvardagen for mange.

I dag er det over 10.000 betalende medlemmar i lag og organisasjonar i Hå kommune. Ein del av desse er nok med i meir enn ei foreining. I ein kommune med over 18.000 innbyggjarar seier dette medlemstalet mykje om kor viktig frivillig arbeid og organisasjonslivet er i Hå. I tillegg er mange medlemmar i regionale og nasjonale organisasjonar.

I Hå kan du vera med på svært mange aktivitetar i regi av frivillige lag og organisasjonar. Den store aktiviteten og mangfaldet er heilt avhengig av frivillig innsats, og er langt over det kommunen eller det offentlige kan få til åleine.

Kvifor er den frivillige innsatsen viktig?

På regjeringen.no heter det at «Norge er verdensledende på frivillig arbeid, og halvparten av befolkningen i Norge engasjerer seg i frivillig arbeid. Innsatsen de gjør har betydning for enkeltmennesker, men også for samfunnet».

Dugnadskommunen Hå:

I Hå kommune er vi stolt av å sei at vi er ein dugnadskommune.

Om å løfte i lag:

Vi ser, at vi nå og i tida framover, vil vera heilt avhengig av det frivillige arbeidet som skjer i kommunen. Gjennom å løfte i lag med dei frivillige lag og organisasjonane og ikkje minst enkeltpersonar, kan vi få til så mykje meir enn om vi står åleine.

Den frivillige innsatsen er viktig for demokratiet, tilbodet til innbyggjarane og i utviklinga av eit godt samfunn.

Frivillig innsats gjev høve til personleg utvikling, deltaking, sosial kontakt, sosialt ansvar og vera medmenneske. Frivillig innsats tek ofte utgangspunkt i interessane til den frivillige. Innsatsen er gjerne knytt til ein hobby, eigne born sine interessar, deltaking i organisert fritidsaktivitet, sjølvrealisering og/eller samfunnsengasjement.

For innbyggjarane gir det meirverdi å engasjera seg for andre, det gir glede å vera engasjert.

Det at innbyggjarar engasjerer seg og tek ansvar i nærmiljøet, førebyggjer einsemd og byggjer fellesskap. Frivilligheit har eigenverdi i kraft av at den er basert på empati, engasjement og initiativ.

Frivilligheita er viktig for beredskapen i kommunen. I ei krise stiller organisasjonar og lag opp.

Frivillig innsats og Hå kommune i dag

Frivilligsentralen

Deler av arbeidet som er retta mot frivillige og frivillige organisasjonar er i dag organisert i Frivilligsentralen. Frivilligsentralen ligg organisatorisk i tenesteområdet opplæring og kultur.

Hå Frivilligsentral er i dag eit kontaktpunkt og bindeledd mellom dei som ynskjer å yta ein ubetalt innsats i nærmiljøet, og dei som ynskjer å motta slik innsats. Frivilligsentralen er bemanna med ei stilling.

Frå 1.1.2017 vart finansieringa av frivilligsentralane lagt inn i det kommunale rammetilskotet. Frå den datoen har kommunen sjølv ansvaret for å leggje til rette og vidareutvikla frivilligsentralen i tråd med lokale prioriteringar. Retningslinene som tidlegare var for frivilligsentralane er ikkje vidareførte. Det er ikkje krav om at rammetilskotet må gå til frivilligsentral, men staten legg til grunn at kommunane framleis vil vera opptekne av å ha gode frivilligsentralar med høgt aktivitetsnivå.

Tenesteområdet opplæring og kultur

Kommunen har og samarbeidsavtale med Hå idrettsråd, og aktivt samarbeid med andre frivillige lag og foreiningar som er representert ved Kontaktutval for kulturbygg og –anlegg. Tenesteområdet opplæring og kultur har også ansvaret for det frivillige arbeidet organisert gjennom frivilligsentralen i Hå.

Det er registrert meir enn 200 ulike lag og foreiningar i Hå kommune, med til saman over 10.000 betalande medlemmer – frå babysang til seniordans, og omtrent alt du kan tenka deg i mellom det. Registrerte lag er dei som har eit styre, ein konto og som får tilskot til drift gjennom støtteordningar under tenesteområdet opplæring og kultur.

Det er ikkje så lett å setja ein verdi på dugnad, men ut frå medlemstall kan vi rekna med at det vert lagt ned minst 160 årsverk* i frivillig arbeid i Hå kvart år. (* Institutt for samfunnsforskning)

I kulturarbeidet er det og aktivt samarbeid med frivillige gjennom venelaget for Hå gamle prestegard, venelaget for Lensmannsløa på Varhaug, samarbeid med korps og andre frivillige medhjelparar i kulturskulen.

Tenesteområdet helse og omsorg

I dag er det opp til kvar einskild leiar å avgjera om avdelinga eller tenesta skal invitera inn frivillige. Nokre tenester har gjort dette i stor grad, medan andre gjer det i mindre grad.

I Hå, som i resten av landet, er det rom for å invitera meir frivillig innsats inn i helse og omsorgstenestene. Innbyggjarane våre har høgare forventningar til livskvalitet i alle fasar i livet, og når dei møter utfordringar dei treng hjelp til å handtera. Desse forventningane kan frivillige møta på ein annan måte enn det tilsette i helse og sosial kan. Fleire av dei frivillige organisasjonane i kommunen seier at dei ynskjer å bidra meir i omsorgstenestene. Så her er det stort potensiale til å gje innbyggjarane i Hå fleire tilbod, gjennom å kopla frivillige og kommunale tenester.

Tekniske saker og næring

Tenesteområdet tekniske saker og næring har avtaler med vellag om frivillig drift og vedlikehald av leikeplasser. Det er lagt til rette for levering av søppel frå organiserte ryddeaksjonar.

Økonomi

Kommunen gir tilskot til lag, foreiningar og organisasjonar. Tabellen under syner ei oversikt over desse tilskota. Nokre av midlane er frie, medan andre er retta mot konkrete aktivitetar.

I tillegg er løn og drift av frivilligsentralen med i tabellen.

Teneste	Beløp
Helse og sosial	2018
Helse, rus og psykiatri	162
Folkehelse	150
Ny stilling frivillighet	150
Pleie og omsorg	200
Opplæring og kultur	
Idrett	9 641
Samfunnshus og kulturbygg	1 778
Skulekorpsa	106
Andre aktivitetstilbod barn og unge	427
Velferdstiltak eldre	340
Frivilligsentralen (<i>netto ugift</i>)	542
Teknisk	
Velforeiningar og liknande	180
Samla	13 676
	<i>heile 1000</i>

Fleire administrativt tilsette sine oppgåver er knytt til frivillig sektor. Dette er vanskeleg å talfesta. Opplæring og kultur lønar i tillegg dirigentar og instruktørar i korpsa.

Innspel frå lag og organisasjonar

Hausten 2016 engasjerte Hå kommune Frivillighet Norge for å gjennomføra ei kartlegging av det frivillige arbeidet i kommunen. Tema for kartlegginga var ressursar, moglegheiter, utfordringar og samarbeid. Føremålet var å få innspel til arbeidet med denne planen.

I førekant av undersøkinga hadde kommunen eit møte med Frivillighet Norge og representantar frå ulike lag og organisasjonar for å få innspel til prosessen.

Undersøkinga vart gjennomført i hausten 2016. Det vart sendt eit elektronisk spørjeskjema til 139 organisasjonar, 53 av desse svara.

Undersøkinga viser ein engasjert frivillig sektor som ynskjer å verta oppfatta som opne og inkluderande for innbyggjarane, og som ynskjer å bidra positivt. Kartlegginga syner at mange av foreiningane har eit positivt tilhøve til kvarandre, og til kommunen og næringslivet.

Undersøkinga bekreftar også at det er eit aktivt og engasjert frivillig arbeid i Hå, særleg retta mot barn og unge. Lag og organisasjonar er opptekne av å skapa eit godt og trygt oppvekstmiljø i kommunen. Dei ynskjer å vera med å gjera kommunen god å bu i for innbyggjarane.

I møtet med lag og organisasjonar våren 2018 kom det også innspel til planen.

Desse hovudutfordringane kom fram i desse innspela frå lag og organisasjonar:

- Medlemstala er stabile men dei ynskjer hjelp til rekruttering.
- Organisasjonane etterlyser betre leigeavtalar med kommunen og meir økonomisk stønad for å kunna arrangera fleire aktivitetar.
- Det er ei utfordring å få leiarar i organisasjonane.
- Dei ynskjer og meir anerkjenning frå kommunen.
- Organisasjonane ynskjer meir kontakt med kommunen. Behov for tettare band og meir informasjon. Kva behov har kommunen, og kva kan frivillige bidra med?
- Behov for ein «inngang» til kommunen.
- Dei treng nokon å kontakta for å diskutera dilemmaer og utfordringar.

Tilrådingar frå Frivillighet Norge

Frivillighet Norge rår kommunen til å ta vare på og styrka frivilligheita i kommunen. Heilt konkret rår dei kommunen til å:

- Oppretta plattform/møteplassar som kan skapa kontaktpunkt mellom ulike frivillige organisasjonar, kommunen og dei som yt frivillig arbeid. Målet er erfaringsutveksling og å sikra kontaktpunkt med kommunen.
- Kommunen bør utvikla ein heilskapleg frivilligpolitikk. I ein slik politikk bør det koma fram korleis samarbeidet mellom frivillig sektor og kommunen skal organiserast.
- Viktige nøkkelord for kommunen si rolle i samarbeidet med dei frivillige: *leiing, partnarar, kommunikasjon, struktur, rollar og økonomi*.
- Kommunen bør tilby opplæring for aktuelle i frivillige organisasjonar.
- Kommunen bør samla informasjon om tilskotsordningar og gjera det synleg korleis ein går fram for å søka.
- Avtalar om driftsstøtte bør vera føreseielege.
- Utfordringar knytt til leige av lokale bør lettast.
- Kommunen sine tilsette bør få kompetanse i å samarbeida med frivillige.
- Letta kontakten for dei frivillige ved å ha «ei dør inn» der dei frivillige kan få hjelp og støtte.
- Kommunen bør nytta dei ti «frivillighetspolitiske» boda som vart vedtekne på årsmøtet til Frivillighet Norge i 2015.

Handlingsplan

Hå kommune skal ha eit positivt, produktivt og lite byråkratisk samarbeid med frivillig sektor. Me løfter i lag for kvarandre. Kommunen skal vera open for innspel, og vera driftig og stolt i dette samarbeidet. Kommunen skal koordinera, rettleia og inspirera i samarbeid med dei frivillige og dei frivillige organisasjonane.

Hå kommune nyttar KS og Frivillighet Norge sin plattform for samarbeid mellom kommune og frivillig sektor.

Mål og tiltak

Kommunen skal vera ein tilretteleggjar for frivillig arbeid.

I tråd med kommunen sin overordna plan for digitalisering, skal me også samarbeidet med dei frivillige for å leggja til rette for digitalisering. Dette kan vera å gjera informasjon lettare tilgjengeleg digitalt, elektroniske søknadsskjema, oversikt over tilgjengelege lokale og anna.

Samskaping og innovasjon skal vera viktig i all kommunikasjon og i samarbeid med dei frivillige i kommunen. Målet er å sikra at kommunen legg til rette for frivillig arbeid, samarbeid og innovasjon i frivillig arbeid. Møtepunkta vert viktige for å finna fram til felles prosjekt og gode arbeidsmåtar.

Mål 1 - Ta vare på, styrka og anerkjenna det frivillige arbeidet

Kommunen vil ta vare på og styrka samarbeidet med dei frivillige organisasjonane og dei som yt frivillig arbeid.

Kommunen ynskjer å vera med å gjera det frivillige arbeidet i Hå meir synleg. Dette kan hjelpe dei frivillige organisasjonane å rekruttera fleire medlemmar, og å få fleire til å bidra og delta aktivt i det frivillige arbeidet i kommunen.

I Frivillighet Norge si undersøking og i møte med organisasjonane i Hå kjem det fram at dei saknar møteplassar, og høve til erfaringsutveksling. Kommunen vil gjera noko med dette og skapa gode møteplassar mellom organisasjonane, næringslivet og kommunen.

Tiltak	Tidsplan
1. <i>Organisera eit årleg arrangement der dei frivillige organisasjonane, frivillige og kommunen saman synleggjer den frivillige innsatsen.</i>	<i>Kvar vår</i>
2. <i>Skapa gode møteplassar på ulike nivå mellom dei frivillige og kommunen.</i>	<i>2019</i>
3. <i>Oppretta ein eigen pris for frivillig arbeid.</i>	<i>2019</i>
4. <i>Laga oversikt over ulike område dei frivillige kan delta på. Desse må vera lett tilgjengelege for dei frivillige.</i>	<i>2019</i>
5. <i>Sikra at kommunen legg til rette for nye typar frivillig arbeid.</i>	<i>Oppstart haust 2019</i>
6. <i>Rekrutteringstiltak i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.</i>	<i>Oppstart haust 2019</i>
7. <i>Sikra kontakt med nasjonale organisasjonar som har tiltak eller prosjekt vi kan bruke i Hå.</i>	<i>Fortløpande</i>

Mål 2 - Gjera lokale og utstyr tilgjengeleg for dei frivillige

Frivillige lag og organisasjonar heimehøyrande i Hå kommune, får allereie i dag nytta skular og andre kommunale lokale gratis til ordinære aktivitetar. Denne tilrettelegginga for frivillige organisasjonar og grupper av frivillige skal vidareførast og vidareutviklast.

Tiltak	Tidsplan
1. Sikra oversikt over høvelege lokale, og gjera desse lett tilgjengelege.	Under arbeid
2. Utvikla elektroniske søknadsskjema.	Under arbeid
3. Beslutta lettfattelege reglar for utleige, bruk, og kven som kan leige.	Under arbeid

Mål 3 - Forenkla tildelinga av økonomisk stønad til frivillige

Hå kommune har i dag ulike økonomiske støtteordningar til dei frivillige. Desse ordningane bør samordnast og systematiserast, for å sikra at frivillige organisasjonar har endå klarare rammevilkår. Støtteordningane skal ha enkle kriterium og så langt som råd verta gitt som frie midlar.

Tiltak	Tidsplan
1. Samordna dei kommunale støtteordningane.	Frå 2019
2. Dei kommunale støtteordningane skal vera enkle å søkja og rapportera på.	Frå 2019
3. Gje støtte både gjennom samarbeidsavtalar og som frie midlar.	Fortløpande
4. Gje lag og organisasjonar hjelp og støtte til å søkje midlar frå andre offentlege og private aktørar.	Fortløpande

Mål 4 – Utvikla samarbeidet mellom frivillige og kommunale tenestar

Det å veksa opp i eit lokalsamfunn prega av fellesskap og god sosial samhandling, fremjar god psykisk helse blant barn og unge. Når det gjeld helsevanar kan fysisk aktivitet bidra til å førebyggja fleire av dei viktigaste helseutfordringane vi har. For psykisk helse kan gode sosiale møteplassar bidra til å redusera desse problema, ikkje minst når det gjeld einsemd. (Sitat frå Hå kommune sin Folkehelseplan 2015- 2019)

I brukarundersøkingar frå hausten 2017 blant dei som bur på institusjonane og deira pårørande, vart det etterlyst fleire aktivitetstilbod som kan gje bebuarane betre livskvalitet. Dette er eit eksempel på eit område der samarbeid mellom frivillige og kommunale tenester kan gje gode resultat for innbyggjarane i Hå.

For å få til eit slikt samarbeid er det avgjerande med kontaktpersonar i dei ulike kommunale einingane/avdelingane. Grunnen til dette er å sikra at dei som kjenner behovet til pasientar og brukarar kommuniserer direkte med dei som ynskjer å gjera ei frivillig innsats.

Kontaktpersonane må samlast regelmessig for å sikra at kommunikasjonen fungerer og gje støtte på systemnivå dersom det er behov for det.

Tabellen under syner generelle tiltak for å sikra samarbeidet. Etterpå presenterer me meir spesifikke tiltak på konkrete område.

<i>Tiltak</i>	<i>Tidsplan</i>
1. <i>Kartleggja område og innbyggjargrupper der det er mogleg å sikra samarbeid mellom kommunale tenester og frivillige/frivillige organisasjonar.</i>	<i>Vår 2019</i>
2. <i>Etablera kontaktpersonar for frivillige i kommunale einingar/avdelingar.</i>	<i>Vår 2019</i>
3. <i>Laga skriftlege samarbeidsavtalar med organisasjonar for å sikra samarbeid over tid.</i>	<i>Haut 2019</i>
4. <i>Laga retningslinjer for tilsette og frivillige sine rollar når me samarbeider.</i>	<i>Haut 2019</i>
5. <i>Avklara behov for teieplikt og politiattest når innbyggjarar yt frivillig innsats i samarbeid med kommunen.</i>	<i>Vår 2019</i>

Folkehelse

Innsatsen for folkehelse er eit viktig område der frivillig sektor og andre frivillige kan bidra i stor grad. I kommunen er dette arbeidet overgripande, og fleire teneste har tiltak som bidreg til betre folkehelse. Frivillig sektor er også aktive med tiltak retta mot folkehelse til innbyggjarane i Hå.

Hå kommune vil styrka samarbeidet med frivillig sektor og frivillige for å vidareutvikla tilbodet til innbyggjarane i kommunen når det gjeld folkehelse.

<i>Tiltak</i>	<i>Tidsplan</i>
1. <i>Fysisk helse – vidareutvikla, og stimulera til nye tilbod som sikrar at innbyggjarane i Hå kan vera fysisk aktive.</i>	<i>Fortløpande</i>
2. <i>Psykisk helse – stimulera til tilbod som er med på å sikra god psykisk helse hjå innbyggjarane.</i>	<i>Fortløpande</i>

Omsorg

Fleire frivillige organisasjonar i Hå ynskjer å samarbeida meir med kommune. Dette gjeld spesielt brukargrupper som er knyt til helse og omsorg (Frivillig Norge, 2016).

Frivillig innsats kan gje auka livskvalitet og sikra verdige liv. God kommunikasjon mellom kommunen og dei frivillige er svært viktig for å få samarbeidet til å fungera, og for å skapa tryggleik og tillit.

<i>Tiltak</i>	<i>Tidsplan</i>
1. Stimulera til tiltak som førebygger einsemd og utanforskap	Fortløpande
2. Stimulera til tiltak som kan gje auka livskvalitet og sikra verdige liv.	Fortløpande
3. Utarbeida brosjyre over frivillige organisasjonar som ytt tenester til eldre og hjelpetrengjande, som heimetenesta kan dela ut.	Vår 2020

Integrering

Hovudmålet for regjeringa si integreringspolitikk er at innvandrarar og barna deira skal få bruka ressursane sine og bidra til fellesskapet. Regjeringa ynskjer å mobilisera dei frivillige organisasjonane slik at dei i endå større grad kan bidra til at innvandrarar og barna deira deltek i lokalsamfunnet. Det er menneske som best integrerer menneske. Desse sentrale føringane er styrande for tiltaka som er lista i tabellen under.

<i>Tiltak</i>	<i>Tidsplan</i>
1. Stimulera til tiltak eller aktivitetar som får flyktningar og innvandrarar til å verta aktive i lokalsamfunnet.	Fortløpande
2. Støtta tiltak som har som føremål å gje språkkunnskap.	Fortløpande
3. Sikra samarbeid mellom flyktningeininga og frivillige lag og organisasjonar	Fortløpande
4. Vidareutvikla prosjekt «alle med i HÅ» for å i endå større grad sikra at barn og unge har ei aktiv fritid.	Fortløpande

Barn og unge

Dei frivillige organisasjonane seier at dei allereie i dag samarbeider ein god del med skulane i kommunen. Organisasjonane seier også at kvaliteten på samarbeidet varierer frå skule til skule.

I kulturarbeidet er det eit svært aktivt frivillig arbeid. Dette kjem mellom anna til syne gjennom frivillig drivne kulturbygg, idrettsanlegg, frivillige medarbeidarar i kulturskule og korps, og ikkje minst i mengda av andre lag og organisasjonar som gir fritidstilbod til både barn og vaksne i kommunen.

<i>Tiltak</i>	<i>Tidsplan</i>
1. Bygga vidare på eksisterande tiltak.	Fortløpande
2. Støtta tiltak som har som føremål å utjamna sosiale forskjellar.	Fortløpande
3. Støtta tiltak som har som føremål å utjamna kulturelle forskjellar.	Fortløpande

4. Vidareutvikla samarbeid mellom kommunale fritidsklubbar og frivillige lag	Fortløpande
--	-------------

Mål 5 – Systematisera kompetansedeling

Tett knytt til strategien for å styrka det frivillige arbeidet i kommunen sine tenester, er at kommunen bør dela kompetanse med dei frivillige og dei frivillige organisasjonane. Målet med kompetansedelinga er å motivera frivillige og gje noko tilbake.

Gjennom å dela kompetanse, kan kommunen bidra til at frivillige får opplæring i viktige tema som etikk, teieplikt, økonomi, fysiske og psykiske utfordringar og andre aktuelle tema. Denne kompetansedelinga bør systematiserast og gjerast kjend for dei frivillige organisasjonane.

Samtidig ynskjer kommunen å læra av dei frivillige og leggja til rette for at dei kan dela av sin kompetanse.

Tiltak	Tidsplan
1. Kartleggja behov for kompetansedeling mellom organisasjonane og kommunen.	Haut 2019
2. Invitera aktuelle frivillige organisasjonar/lag til kurs i ulike fagområde.	Haut 2019
3. Oppmoda dei tilsette til å informera og leggja til rette for at innbyggjarane kan delta i frivillig arbeid.	Fortløpande

Referansar

Folkehelseloven

Frivillighet Norge – Kartlegging av frivillige lag og foreiningar i Hå kommune 2016.

Stortingsmelding nr. 39 (2006 – 2007) Frivillighet for alle.

Oslo: Kultur- og kirkedepartementet.

Stortingsmelding nr. 19 (2014 – 2015). Folkehelsemeldingen: Mestring og muligheter.

Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet.

Sammen om det gode liv»- ein rettleiar for utvikling av lokal frivilligheitspolitikk frå KS.

Kommunenes Sentralforbund (KS) og Frivillighet Norge: «Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor

Guribye, E. (2016). «Mot kommune 3.0'? Modeller for samarbeid mellom offentlig og frivillig sektor: Med hjerte for Arendal». Agderforskning, FoU – rapport nr. 3/2016.

Helse og omsorgsdepartementet, Frivillig Norge og KS. (2015). Nasjonal strategi for frivillig arbeid på helse- og omsorgsfeltet.(2015 – 2020). Oslo: Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon.

Kulturdepartementet. (2015). Frivillighetserklæringen – erklæring for samspillet mellom regjeringen og frivillig sektor.

.

